UNIVERSITETET I BERGEN
*Det humanistiske fakultet*

**Universitetet i Bergen**
**Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier (LLE)**

---

# Innkalling til møte i UUI
Tid: 13.02.2012, kl. 13.15-15.00
Sted: rom 435, HF-bygget

Til: Hilde G. Corneliussen (undervisningsleiar), Gunnstein Akselberg, Christine Hamm, Sigrun Eilertsen, Knut Ove Arntzen, Erling Aadland, Helge Dyvik, Pär Sandin, Rolf Beev, Bente Kiilerich, Jens Elmelund Kjeldsen, Ellen Mortensen, Ranveig Lote, Fredrik Longva, Thea C. Lerfald, Svanhild Berge.

Kopi: Siri Fredrikson, Johan Myking, studieadministrasjonen, studentrepresentantene i instituttrådet.

## Saksliste

**UUI-sak 1/12: Godkjenning av innkalling og saksliste.**

**UUI-sak 2/12: Godkjenning av referat fra møtet 24.10.11.** Referat vedlagt.

**UUI-sak 3/12: Orienteringssaker**

1. Retningslinjer for reduksjon i undervisning ved mindre enn 5 studenter. Bør være hovedregel i fagmiljø med ressursmangel.
2. Fagkoordinator på nordisk språk og norsk som andrespråk våren 2012. Dokumentasjon vedlagd.
3. Samarbeidsprogram gjennom SiU. Dokumentasjon vedlagd.
4. Informasjon om jubileum, melding av aktuelle undervisningsopplegg. Dokumentasjon vedlagd.
5. Rutiner for studieplanarbeidet. Munnleg orientering.
6. Eventuelt.

**Vedtakssaker:**

**UUI-sak 4/12: Implementering av nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk i studieplanar for masterprogramma.**



| Det humanistiske fakultet | Postadresse | Besøksadresse | Saksbehandler |
|---|---|---|---|
| Telefon 55589380 | Postboks 7805 | Harald Hårfagresgt. 1 | Toril Ivarsøy |
| Telefaks 55589383 | 5020 Bergen | Bergen | 55582455 |
| post@hf.uib.no | | | |

**UUI-sak 5/12: Oppretting av DIKULT252, nytt 200-emne på digital kultur, samarbeid innan Nordplus-nettverket Nordic Digital Culture Network.**

**UUI-sak 6/12: Oppretting av DIKULT253, nytt 200-emne på Digital kultur, studentaktiv forskning.**

**UUI-sak 7/12: Endring i emneplan, DIKULT105, nedlegging av DIKULT100**

**UUI-sak 8/12: Endring i studieplanen for Bachelor i Digital kultur. Dokumentasjon ettersendes.**

**UUI-sak 9/12: Endring i undervisningssemester for NOSP212 og NOSP312, og NOSP252 og NOSP322.**

**UUI-sak 10/12: TEAT252 og TEAT253: justeringar i obligatoriske aktivitetar**

**UUI-sak 11/12: NOLI211 og NOLI212, endring i obligatorisk aktivitet. Dokumentasjon ettersendes.**

**UUI-sak 12/12: Utdanningsmelding for 2011**

**Eventuelt**

| UUI-sak 1/12 | Referat frå UUI-møte 24.10. 2011 | |
|---|---|---|

## Referat frå møte i UUI
Tid: måndag 24. oktober, kl 13.15-14.10
Sted: rom 435, HF-bygget

Til stades: Hilde G. Corneliussen (undervisningsleiar), Ivar Utne, Christine Hamm, Sigrun Eilertsen, Knut Ove Arntzen, Erling Aadland, Pär Sandin, Rolf Beev, Bente Kiilerich (kom under sak 43), Thea C. Lerfald, Fredrik Longva, Svanhild Berge.

Meldt forfall:

Forfall: Christer Johansson

## Saksliste

**UUI-sak 40/11: Godkjenning av innkalling og saksliste.**
Godkjend utan merknadar.

**UUI-sak 42/11: Godkjenning av referat frå møtet 29. august 2011.**
Godkjendt utan merknadar.

**UUI-sak 42/11: Orienteringssaker**

7. Orientering frå leiarkonferanse i Øystese. Munnleg orientering ved undervisningsleiar. Undervisningssaker var hovudtema under leiarkonferansen i år, spesifikt Det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket og internasjonalisering. UiB vel å gjere både engelsk og norsk til parallellspråk ved institusjonen. Undervisningsleiar ønskjer seg ein diskusjon omkring emne med engelsk som undervisningsspråk på LLE.
8. Evaluering – seminar våren 2012. Munnleg orientering ved undervisningsleiar om planar for eit seminar for UUI om evaluering våren 2012. Arild Raaheim har sagt seg viljug til å dele sine erfaringar og kunnskapar om studentevalueringar med LLE. Målet er å få ein betre prosess rundt evalueringane, høgare respons frå studentane og betre tilbakemelding til dei om korleis fagmiljøa nyttar evalueringsresultata.
9. Mi side har eiga gruppeside for LLE. Munnleg orientering ved studieleiar om informasjonen som ligg her, altså informasjon til alle studentar ved LLE, dvs eksamensinformasjon, tidlegare eksamensoppgåver, meldinger til studentar på heile LLE.
10. Studenttal for BA-programma, kull 2010. Prodekan for undervisning har lagt fram tal for 2010-kullet på BA-programma som viser i kva grad studentane held fram på det programmet dei starta på. Nokre av programma har få studentar og prosentvise tal seier lite om stoda. På ein del av programma kan ein likevel sjå at studentane i høg grad blir verande og LLE ligg totalt sett godt an.
11. Retorikkprogrammet – oppretting av spesialisering i retorikk jfr UUI-sak 26/11.
12. UUI-møtet som er planlagt 28.11. flyttes til 5. desember.

**Vedtakssaker:**

**UUI-sak 43/11: Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk. Implementering i studieplanar ved LLE, master- og bachelorprogram**

UUI meinte denne saka var ei orienteringssak og ikkje ei eigentleg vedtakssak. Framlegget til vedtak blir difor omformulert til: "UUI tar til orientering at studieplanane for MA i teatervitskap, MA i lingvistikk, MA i datalingvistikk, MA i litteraturvitskap, MA i kunsthistorie, MA i gresk, MA i latin og BA i Kjønnsstudium blir oppdatert i tråd med NKR og gjeldande studieplanmal ved UiB og oversende til underivisningsleiinga innan 30.  januar."

**UUI-sak 44/11: Endring i emnetittel på DIKULT106**

**Vedtak:**
Emnetittelen på DIKULT106 blir endra med verknad frå hausten 2012, i tråd med vedlagde emneplan.

**UUI-sak 45/11: Fagleg overlapp mellom DIKULT111 og INF143**

**Vedtak:**
UUI vedtar justert emneplan for DIKULT111 som gjeldande. Informasjon om fagleg overlapp blir snarast lagt i emneplanen på nettet. Institutt for informatikk blir orientert om vedtaket.

**UUI-sak 46/11: Eventuelt**

Erling Aadland tok opp spørsmålet om koordineringsansvar for KVIK-emner som litteraturvitenskap har ansvar for per i dag og mente at ansvaret for å koordinere emnene må flyttes til Senter for Kvinne og Kjønnsstudier (SKOK) når disse får sine undervisningsstillinger fra neste år. Undervisningsleiar kjem tilbake til saka når dokumentasjon om SKOK sine undervisningsstillingar er innhenta.

4. november 2011

Hilde G. Corneliussen
*undervisiningsleiar*

Ranveig Lote
*studieleiar*

Merknadsfrist:
11. november

| UUI-sak 3/12 | O-sak 2: Fagkoordinator på nordisk språk og norsk som andrespråk våren 2012 | |
|---|---|---|
| | | |
| **Vedlegg** | Mottakarar av uui-lle@uib.no våren 2012 | |

Ivar Utne har forskningsfri våren 2012, og Gunnstein Akselberg, Helge Sandøy, Torodd Kinn og Ingvild Nistov delar fagkoordinatoroppgåvene på nordisk språk og norsk som andrespråk, på den måten at Ingvild Nistov har  ansvaret for norsk som andrespråk, medan dei tre andre delar på oppgåvene knytt til emna i nordisk språk. Gunnstein møter i UUI på vegner av desse fire (med éi stemme).

**Vedlegg: Mottakarar av uui-lle@uib.no**

"Bente Knold Kiilerich" <Bente.Kiilerich@lle.uib.no>
"Christine Hamm" <Christine.Hamm@lle.uib.no>
"Ellen Mortensen" <Ellen.Mortensen@skok.uib.no>
"Endre Brunstad" <Endre.Brunstad@lle.uib.no>
"Fredrik Longva" <Fredrik.longva@student.uib.no>
"Gunnstein Akselberg" <Gunnstein.akselberg@lle.uib.no>
"Helge Sandøy" <Helge.Sandoy@lle.uib.no>
"Ingvild Nistov" <Ingvild.Nistov@lle.uib.no>
"Knut Ove Arntzen" <Knut.arntzen@lle.uib.no>
"Pär Sandin" <Par.Sandin@lle.uib.no>
"Ranveig Lote" <Ranveig.Lote@lle.uib.no>
"Rolf Ivo Beev" <Rolf.Beev@lle.uib.no>
"Sigrun Eilertsen" <Sigrun.Eilertsen@lle.uib.no>
"Torodd Kinn" Torodd.kinn@lle.uib.no
"Helge Dyvik" <Helge.Dyvik@lle.uib.no>
"Christer Johansson" <christer.johansson@lle.uib.no>
"Erling Aadland" <erling.aadland@lle.uib.no>
"Hilde Corneliussen" <hilde.corneliussen@lle.uib.no>
"Jens Elmelund Kjeldsen" <jens.kjeldsen@infomedia.uib.no>
"Svanhild Berge" <svanhild.berge@student.uib.no>
"Thea C. Lerfald" <thea.lerfald@student.uib.no>

| UUI-sak 3/12 | O-sak 3: Samarbeidsprogram gjennom SiU | |
|---|---|---|
| **Vedlegg** | **Brev frå fakultetet: "Informasjon til instituttene om SIUs søknadsfrister på samarbeidsprogrammer våren 2012."** | |

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og
religionsvitenskap
Senter for kvinne- og kjønnsforskning
Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier
Senter for vitenskapsteori
Senter for middelalderstudier
Institutt for fremmedspråk
Griegakademiet - Institutt for musikk
Institutt for filosofi og førstesemesterstudier

| Referanse | Dato |
| --- | --- |
| 2012/792-TOI | 17.01.2012 |

# Informasjon til instituttene om SIUs søknadsfrister på samarbeidsprogrammer våren 2012

SIU utlyser hvert år flere samarbeidsprogram hvor fagmiljøene kan søke penger til ulike prosjekter innen forskning og utdanning. Våren 2012 har SIU foreløpig lyst ut følgende samarbeidsprogram:

**Samarbeidsprogrammet med Russland 2011-2015 – søknadsfrist 1. februar.**
Program for samarbeid om høyere utdanning med Russland gir støtte til samarbeid mellom universiteter og høyskoler i Russland og Norge.
Mer info: http://siu.no/nor/Hoeyere-utdanning-og-forskning/Eurasia-og-Russland/Samarbeidsprogrammet-med-Russland-2011-2015/%28view%29/7801

**Eurasiaprogrammet: intern UiB søknadsfrist 20.februar 2012.**
Mer info: se ePhortesak 2011/6801
og http://siu.no/nor/Hoeyere-utdanning-og-forskning/Eurasia-og-Russland/Samarbeid-om-hoegare-utdanning-i-Eurasia/%28view%29/3205
Program for samarbeid om høyere utdanning i Eurasia støtter prosjektsamarbeid mellom institusjoner i Norge og Armenia, Aserbajdsjan, Georgia, Kasakhstan, Kirgisistan, Hviterussland, Moldova, Tadsjikistan, Turkmenistan, Ukraina og Usbekistan. Programmet har også en egen stipendordning for studenter.

**Partnerskapsprogrammet for Nord-Amerika 2012-2015: Søknadsfrist 29. mars 2012.**
Mer info: se ePhortesak 2012/265
og http://siu.no/nor/Hoeyere-utdanning-og-forskning/Nord-Amerika/Partnerskapsprogram-for-Nord-Amerika.

**Prosjektmidler for Nord-Amerika: Søknadsfrist er 6. april 2011**
Mer info: http://siu.no/nor/Hoeyere-utdanning-og-forskning/Nord-Amerika/Prosjektmidler

**Støtte til utvikling av internasjonale fellesgrader på master- og ph.d.-nivå i samarbeid med utenlandske institusjoner: Søknadsfristen er 16. april 2012.**
En ny utlysning kan ventes i løpet av høstsemesteret 2012 for de som ikke rekker fristen i vår.
Mer info: http://www.siu.no/eng/Front-Page/Programme-information/Joint-degrees/International-Joint-Degrees

Det kan være nyttig å følge med på SIUs nettsider for å finne informasjon om diverse utlysninger av programmer, seminarer etc. De har en egen nettside med kalender: http://siu.no/nor/Forside/Kommende-frister

Vennlig hilsen

Ronald Worley
studiesjef

Toril Ivarsøy
rådgiver

| | | |
|---|---|---|
| **UUI-sak 3/12** | **O-sak 4: Informasjon om jubileum, melding av aktuelle undervisningsopplegg.** | |
| **Vedlegg** | Brev til fakultet og institutt frå jubileumskomitéen | |

**Vedlegg: Brev til fakultet og institutt frå jubileumskomitéen**

Fakulteter
Institutter
Universitetsmuseet i Bergen
Universitetsbiblioteket

Referanse
2011/9839-BEKR

Dato
26.01.2012

## Informasjon om Jubileer 2013-2015

I forbindelse med tre forestående jubileer, for kvinnestemmeretten (2013), Grunnloven (2014) og Høyesterett (2015) er det oppnevnt en hovedkomité for samordning av arrangementer, under ledelse av undertegnede. En komité for Kvinnestemmeretten og grunnloven er også oppnevnt (jf vedlagte brev).

Jubileumskomiteen er gitt følgende mandat:

1. Hovedkomiteens oppgave er å ha et overordnet ansvar for utarbeiding av det sentrale programmet i anledning de tre forestående jubileene, og å koordinere allerede eksisterende og kommende lokale initiativ slik at markeringene ved UiB får en god faglig og formidlingsmessig profil. Det bør være ett sentralt hovedarrangement for hvert jubileum, eventuelt ett vitenskapelig, flerfaglig arrangement og ett arrangement med bred appell også utenfor akademiske kretser.
2. Det oppnevnes egne komiteer for hvert av de tre jubileene, etter forslag fra den hovedkomiteen. Komiteene skal koordinere og eventuelt initiere arrangementer i de ulike fagmiljøene og samarbeide med hovedkomiteen om det samlede innholdet i programmet. Det er viktig at arrangementene ikke konkurrerer, men understøtter og utfyller hverandre.
3. Universitetets studenter inkluderes i arbeidet. Det kan være aktuelt å gi støtte til spesielle undervisningsopplegg eller konferanser innrettet for studentene.
4. Hovedkomiteen etablerer kontakt med de instansene utenfor UiB, lokalt og nasjonalt, som er særlig viktige i forbindelse med de tre jubileene.

Hovedkomiteen ønsker å kartlegge hvilke planer institutter og fakulteter har for de tre jubileene. Vi vil derfor be fakulteter og institutter om å rapportere inn til sekretariatet hva som skjer av arrangementer, forskning, undervisning, publikasjoner og lignende som kan knyttes til jubileene. En oversikt som inkluderer faglige kontaktpersoner kan sendes sekretariatet innen 1. april (bente.krossoy@adm.uib.no). Vi vil be om at fakultetene koordinerer dette arbeidet.

Vennlig hilsen

Astri Andresen
leder hovedkomiteen

Bente Krossøy
sekretær

Vedlegg

| UUI-sak 4/12 | **Implementering av nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk i studieplaner for masterprogrammene** | |
|---|---|---|
| | | |
| **Vedlegg 1** | Utklipp fra studieplanen for BAHF-KJØNN | |
| **Vedlegg 2** | Utklipp fra studieplanen for MAHF-DASP | |
| **Vedlegg 3** | Utklipp fra studieplanen for MAHF-LING | |
| **Vedlegg 4** | Utklipp fra studieplanen for MAHF-GRE | |
| **Vedlegg 5** | Utklipp fra studieplanen for MAHF-LAT | |
| **Vedlegg 6** | Utklipp fra studieplanen for MAHF-LITT | |
| **Vedlegg 7** | Utklipp fra studieplanen for MAHF-KUN | |
| **Vedlegg 8** | Utklipp fra studieplanen for MAHF-TEAT | |

**Saksomtale:**
I løpet av kalenderåret 2012 skal alle studieplanar og emneplanar ved LLE vere i tråd med NKR - jf. UUI-sak 43/11. Det er i hovudsak "læringsutbyte" som vert endra i samsvar med gjeldande malar. Nokre program har allereie endra studieplaner for masterprogramme. Programma som endrar studieplaner i denne omgang er MA i teatervitskap, MA i lingvistikk, MA i datalingvistikk, MA i litteraturvitskap, MA i kunsthistorie, MA i gresk, MA i latin og BA i Kjønnsstudium

Vedlegga til denne saka er studieplanar for dei aktuelle masterprogramma frå start til og med læringsutbyte.

**Framlegg til vedtak:**
Studieplan for MA i teatervitskap, MA i lingvistikk, MA i datalingvistikk, MA i litteraturvitskap, MA i kunsthistorie, MA i gresk, MA i latin og BA i Kjønnsstudium blir endra med verknad frå hausten 2012.

**Vedlegg 1: Utklipp fra studieplanen for BAHF-KJØNN:**

**Studieplan BA i kjønnsstudium**
Gjeldande studieplan f.o.m. haust 2012

| **Kategoriar** | |
|---|---|
| Programnamn, norsk | Bachelorprogram i kjønnsstudium |
| Programnamn, engelsk | Bachelor Programme in Gender Studies |
| Undervisningsspråk | Normalt norsk, med mindre anna er opplyst i emneplanen for det einskilde emnet. |
| Studiepoeng | 180 |
| Mål og innhald | Bachelorprogrammet i kjønnsstudium er 3-årig (180 studiepoeng). Programmet er tverrfagleg og skal innehalde 30 studiepoeng med innføringsemne (Ex.phil. og Ex.fac.), to |

| | |
|---|---|
| | obligatoriske programemne på til saman 30 sp (KVIK101 og KVIK201), 90 studiepoeng med spesialisering samt valemne/frie studiepoeng tilsvarande 30 studiepoeng.<br><br>Målet for studiet er å gi ein brei og tverrfagleg kompetanse i kjønnsstudium. Studiet tek føre seg både historiske og samtidige tydingar av kjønn. Innanfor dei ulike emna vil det vere rom for å reflektere systematisk kring tema som kjønn og seksualitet, kjønn og etnisitet, kjønn og religion, kjønn og media, kjønn og litteratur, og kjønn og samfunn.<br><br>Innhaldet i studieprogrammet vil elles vere avhengig av kva spesialisering studenten vel. Det er åtte moglege spesialiseringar:<br><br>a) allmenn litteraturvitskap<br>b) engelsk<br>c) filosofi<br>d) historie<br>e) kulturvitskap<br>f) nordisk språk og litteratur<br>g) medievitskap<br>h) sosiologi<br><br>***a) allmenn litteraturvitskap***<br>samanliknande litteraturstudium som tek føre seg litteratur frå heile verda, frå antikken og fram til i dag. Faget les litteraturen ut frå ulike perspektiv.<br><br>***b) engelsk***<br>studium av engelsk språk, amerikansk og britisk litteratur og kultur<br><br>***c) filosofi***<br>studium av filosofihistorie, vitskapsfilosofi og ulike filosofiske emne.<br><br>***d) historie***<br>studium av menneske, kultur og samfunnstilhøve i historisk perspektiv, frå antikken og fram til i dag<br><br>***e) kulturvitskap***<br>studium som vil skjøne menneske som kulturberande og kulturskapande vesen, med utgangspunkt i kvardagsliv, forteljing, gjenstandar og samfunn.<br><br>***f) medievitskap*** |

| | |
|---|---|
| | studium av medieinstitusjonar, kommunikasjonsformar, sjangrar, mediebruk og korleis samspelet mellom samfunn, individ og media fungerer.<br><br>***g) nordisk språk og litteratur***<br>studium av nordiske språk med vekt på norsk og nordisk litteratur frå norrøn tid og fram til i dag.<br><br>***h) sosiologi***<br>studium av relasjonane mellom menneske i små og store, sosiale fellesskap, mellom individ, grupper og organisasjonar både på det lokale, nasjonale og globale plan. |
| Læringsutbyte | Studentar med bachelorgrad i kjønnsstudium skal<br>• sitje att med betre evne til kritisk og analytisk tenking omkring sentrale kjønnspolitiske og teoretiske problemstillingar.<br>• ha eit overblikk over idear om kjønn sett frå ulike teoretiske perspektiv, slik som feministisk teori, psykoanalyse og skeiv teori (queer theory).<br>• kunne nytte sin kombinasjon av obligatoriske emne, fag i spesialisering og frie studiepoeng i vidare utdanning eller yrkesplanar. |

## Vedlegg 2: Utklipp fra studieplanen for MAHF-DASP:

### Studieplan for masterprogrammet i datalingvistikk og språkteknologi

Gjeldande studieplan f.o.m. hausten 2012

| **Kategoriar** | |
|---|---|
| Programnamn, norsk | Masterprogram i datalingvistikk og språkteknologi |
| Programnamn, engelsk | Master's Programme in Natural Language Processing |
| Undervisningsspråk | Engelsk ved behov. |
| Programmets omfang | 120 studiepoeng |
| Mål og innhald | Masterprogrammet i datalingvistikk og språkteknologi omfattar arbeid med datalingvistiske eller språkteknologiske system, til dømes maskinomsetjing, tekstkorpus, datamaskinelle grammatikkar, leksikon og ordnett, statistisk språkanalyse, datamodellar av menneskelege språkprosessar, osb.<br><br>Studiet er normert til to år og består av ein kursdel på 60 studiepoeng og ei masteroppgåve på 60 studiepoeng. |

<table>
<tr><td></td><td>Programmet har som mål:<ul><li>å utgjere eit viktig grunnlag for forskingskompetanse gjennom vitskapsteori og metode (LINGMET og DASP302)</li><li>å gi studenten ei grundig fordjuping i utvalde vidarekomne emne i datalingvistikk og språkteknologi innanfor hovudområda språkmodellering (i vid meining) (DASP303) og språkteknologiske bruksområde (DASP304)</li></ul> Arbeidet med masteroppgåva står i sentrum under studiet og skal gjerast under individuell rettleiing (DASP350). Masteroppgåve skal skrivast med utgangspunkt i eit mastergradsprosjekt (DASP307). Som regel er mastergradsprosjektet knytt til eit forskings- eller utviklingsmiljø. Ei typisk masteroppgåve utforskar ei språkteknologisk problemstilling ved å skrive og teste eit dataprogram som behandlar språk. Oppgåva kan kombinere teoretiske og teknologiutviklande perspektiv. Det blir stilt krav til godt originalarbeid på datamaskin, til vitskapleg metode og til den vitskaplege framstillinga. </td></tr>
<tr><td>Læringsutbyte</td><td>Ein kandidat med mastergrad i datalingvistikk og språkteknologi frå Det humanistiske fakultet ved Universitetet i Bergen skal kunne:<ul><li>ha brei, generell kunnskap innanfor fagfeltet datalingvistikk og språkteknologi</li><li>ha djuptgåande kunnskap innan sitt spesialfelt (masteroppgåva)</li><li>ha grunnleggjande kunnskap om vitskapleg teori, metode og etikk</li><li>stille seg kritisk til eksisterande teoriar, metodar og fortolkingar på fagområdet</li><li>bruke aktuelle metodar til sjølvstendig forsking</li><li>nytte akademisk kunnskap og relevante forskingsresultat på ein kritisk måte</li><li>nytte eigen kunnskap på nye område innanfor fagfeltet</li><li>tileigne seg nye kunnskapar og nytte dei på fagområdet</li><li>kunne kommunisere med spesialistar og allmenta om faglege problemstillingar innanfor fagfeltet</li></ul></td></tr>
</table>

**Vedlegg 3: Utklipp fra studieplanen for MAHF-LING:**

**Studieplan for masterprogrammet i allmenn lingvistikk**

Gjeldande studieplan f.o.m. hausten 2012

Vedteke i Utval for undervisning og internasjonalisering (UUI) ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)…….

| **Kategoriar** | |
|---|---|
| Programnamn, norsk | Masterprogram i allmenn lingvistikk |
| Programnamn, engelsk | Master's Programme in Linguistics |
| Undervisningsspråk | Engelsk ved behov. |
| Programmets omfang | 120 studiepoeng |
| Mål og innhald | Masterprogrammet i allmenn lingvistikk er eit vidarekome studium i språkvitskap.<br><br>Studiet er normert til to år og består av ein kursdel på 60 studiepoeng og ei masteroppgåve på 60 studiepoeng.<br><br>Programmet har som mål:<br>• å gi studenten ei grundig fordjuping i utvalde emne innan lingvistikken, som for eksempel fonologi, syntaks, semantikk (LING305) eller språktileigning (LING306).<br>• å gi grunnlag for forskingskompetanse innanfor faget gjennom ei innføring i vitskapsteori og metode (LINGMET og DASP302).<br><br>Arbeidet med masteroppgåva står i sentrum under studiet og skal gjerast under individuell rettleiing (LING350). Masteroppgåve skal skrivast med utgangspunkt i eit mastergradsprosjekt (DASP307), og skal kvalifisere studenten til å drive forsking innan lingvistiske emne. Oppgåva treng ikkje leggje fram nytt materiale eller føre til nye originale konklusjonar for å bli godkjend, men det blir stilt krav til vitskapleg metode og handsaming av stoffet. |
| Læringsutbyte | Ein kandidat med mastergrad i allmenn lingvistikk frå Det humanistiske fakultet ved Universitetet i Bergen skal kunne:<br><br>• ha brei, generell kunnskap innanfor fagfeltet allmenn lingvistikk<br>• ha djuptgåande kunnskap innan sitt spesialfelt (masteroppgåva)<br>• ha grunnleggjande kunnskap om vitskapleg teori, metode og etikk<br>• stille seg kritisk til eksisterande teoriar, metodar og fortolkingar på fagområdet |

| | |
|---|---|
| | • bruke aktuelle metodar til sjølvstendig forsking<br>• nytte akademisk kunnskap og relevante forskingsresultat på ein kritisk måte<br>• nytte eigen kunnskap på nye område innanfor fagfeltet<br>• tileigne seg nye kunnskapar og nytte dei på fagområdet<br>• kunne kommunisere med spesialistar og allmenta om faglege problemstillingar innanfor fagfeltet |

**Vedlegg 4: Utklipp fra studieplanen for MAHF-GRE**

## Studieplan for masterprogrammet i gresk

Gjeldande f.o.m. hausten 2012

| **Kategoriar** | |
|---|---|
| Programnamn, norsk | Masterprogram i gresk |
| Programnamn, engelsk | Master's Programme in Greek |
| Undervisningsspråk | Norsk |
| Programmets omfang | 120 studiepoeng |
| Mål og innhald | Det greske språket kan følgjast i skriftlege kjelder gjennom meir enn tre tusen år, og den greske litteraturen, historieskrivinga, filosofien, kunsten og vitskapen har hatt avgjerande innverknad på ettertida. På masterprogrammet i gresk kan ein studere dei ulike formene for klassisk gresk, frå Homer til slutten på antikken, men det er òg mogeleg å velje mellomaldertekstar skrivne på det bysantinske litteraturspråket.<br>Studiet er normert til to år og består av ein kursdel på 60 studiepoeng og ei masteroppgåve på 60 studiepoeng.<br>Programmet har som mål å auke den generelle kunnskapen om gresk språk, litteratur, historie og kultur:<br>• gjennom lesekurs som skal veljast for å komplettere det studenten har lese tidlegare (GRE301 og GRE303)<br>• ved å gi studenten dei kunnskapane i vitskapleg metode som trengst for å kunne skrive masteroppgåva (GRE304)<br>• ved å gjere han/ho meir fortruleg med den eller dei tekstane som masteroppgåva skal handle om og med den relevante forskingslitteraturen (GRE305)<br>• gjennom studenten si eiga utarbeiding av ei prosjektskisse som skal leggjast fram til diskusjon (GRE306) |

| | |
|---|---|
| | Arbeidet med masteroppgåva står i sentrum under studiet (GRE350), og skal gjerast under individuell rettleiing Studenten skal her gjere bruk av og dokumentere sine greske språkkunnskapar, andre relevante forkunnskapar og sitt metodiske handlag. Temaet kan gjelde litterære tekstar, innskrifter, dokumentariske papyri, osv. frå antikk eller bysantinsk periode. Problemstellinga kan vere av språk- eller litteraturvitskapleg art eller nærme seg andre greiner av antikkvitskapen, som antikkens historie, religionshistorie, resepsjonshistorie, osv., men det er studiet av tekstar som skal vere grunnlaget.<br><br>Studenten skal delta i metode- og oppgåveseminara til faggruppa med gradvis auka krav til aktiv medverknad, og vere med på dei forskarkursa som blir arrangerte over relevante tema og metodar. |
| Læringsutbyte | Ein kandidat med mastergrad i gresk frå Det humanistiske fakultet ved Universitetet i Bergen skal kunne:<br><br>• ha brei, generell kunnskap innanfor gresk språk, litteratur, historie og kultur<br>• ha djuptgåande kunnskap innan sitt spesialfelt (masteroppgåva)<br>• ha grunnleggjande kunnskap om vitskapleg teori, metode og etikk<br>• stille seg kritisk til eksisterande teoriar, metodar og fortolkingar på fagområdet<br>• bruke aktuelle metodar til sjølvstendig forsking<br>• nytte akademisk kunnskap og relevante forskingsresultat på ein kritisk måte<br>• nytte eigen kunnskap på nye område innanfor fagfeltet<br>• tileigne seg nye kunnskapar og nytte dei på fagområdet<br>• kunne kommunisere med spesialistar og allmenta om faglege problemstillingar innanfor fagfeltet |

**Vedlegg 5: Utklipp fra studieplanen for MAHF-LAT**

**Studieplan for masterprogrammet i latin**

Gjeldande studieplan f.o.m. hausten 2012

| **Kategoriar** | |
|---|---|
| Programnamn, norsk | Masterprogram i latin |
| Programnamn, engelsk | Master's Programme in Latin |

| | |
|---|---|
| Undervisningsspråk | Norsk |
| Programmets omfang | 120 studiepoeng |
| Mål og innhald | Den latinske litteraturen oppstod om lag 200 f.Kr, og latin var det fremste kulturspråket i Vest-Europa gjennom antikken, mellomalderen og tidleg moderne tid. Fram mot rundt 1700 var latin det sams språket ikkje berre innan diplomati, jus og teologi, men òg innan dikting, filosofi og vitskap. På masterprogrammet i latin kan ein studere tekstar frå heile dette tidsrommet.<br><br>Studiet er normert til to år og består av ein kursdel på 60 studiepoeng og ei masteroppgåve på 60 studiepoeng.<br><br>Programmet har som mål å auke den generelle kunnskapen om latinsk språk, litteratur, historie og kultur:<br><br>• gjennom lesekurs som skal veljast for å komplettere det studenten har lese tidlegare (LAT301 og LAT303)<br>• ved å gi studenten dei kunnskapane i vitskapleg metode som trengst for å kunne skrive masteroppgåva (LAT304)<br>• ved å gjere han/ho meir fortruleg med den eller dei tekstane som masteroppgåva skal handle om og med den relevante forskingslitteraturen (LAT305)<br>• gjennom studenten si eiga utarbeiding av ei prosjektskisse som skal leggjast fram til diskusjon (LAT306)<br><br>Arbeidet med masteroppgåva står i sentrum under studiet (LAT350), og skal gjerast under individuell rettleiing. Studenten skal her gjere bruk av og dokumentere sine latinske språkkunnskapar, andre relevante forkunnskapar og sitt metodiske handlag. Temaet kan gjelde litterære tekstar, innskrifter, historiske dokument, osv. frå antikken, mellomalderen eller tidleg moderne tid. Problemstellinga kan vere av språk- eller litteraturvitskapleg art eller nærme seg andre greiner av antikkvitskapen, som antikkens historie, religionshistorie, resepsjonshistorie, osv., men det er studiet av tekstar som skal vere grunnlaget.<br><br>Studenten skal delta i metode- og oppgåveseminara til faggruppa med gradvis auka krav til aktiv medverknad, og vere med på dei forskarkursa som blir arrangerte over relevante tema og metodar. |
| Læringsutbyte | Ein kandidat med mastergrad i latin frå Det humanistiske fakultet ved Universitetet i Bergen skal kunne:<br><br>• ha brei, generell kunnskap innanfor latinsk språk, |

| | |
|---|---|
| | litteratur, historie og kultur<br>• ha djuptgåande kunnskap innan sitt spesialfelt (masteroppgåva)<br>• ha grunnleggjande kunnskap om vitskapleg teori, metode og etikk<br>• stille seg kritisk til eksisterande teoriar, metodar og fortolkingar på fagområdet<br>• bruke aktuelle metodar til sjølvstendig forsking<br>• nytte akademisk kunnskap og relevante forskingsresultat på ein kritisk måte<br>• nytte eigen kunnskap på nye område innanfor fagfeltet<br>• tileigne seg nye kunnskapar og nytte dei på fagområdet<br>• kunne kommunisere med spesialistar og allmenta om faglege problemstillingar innanfor fagfeltet |

**Vedlegg 6: Utklipp fra studieplanen for MAHF-LITT:**

**Studieplan for masterprogrammet i allmenn litteraturvitskap**

Gjeldande f.o.m. hausten 2012

| **Kategoriar** | |
|---|---|
| Programnamn, norsk | Masterprogram i allmenn litteraturvitskap |
| Programnamn, engelsk | Master's Programme in Comparative Literature |
| Undervisningsspråk | Norsk |
| Programmets omfang | 120 studiepoeng |
| Mål og innhald | Masterprogrammet i allmenn litteraturvitskap har ein teoretisk profil og ei internasjonal, komparativ orientering.<br><br>Studiet er normert til to år og består av ein kursdel på 60 studiepoeng og ei masteroppgåve på 60 studiepoeng.<br><br>Kursdelen i masterprogrammet omfattar emna ALLV301, ALLV302, ALLV303 og ALLV304 og har som mål å gi ei grundig innføring i:<br><br>• litteraturteoretiske og -estetiske problemstillingar<br>• litteraturvitskaplege metodar og arbeidsteknikkar<br>• litteraturhistorisk, analytisk og/eller komparativt arbeid med litteratur<br><br>Arbeidet med masteroppgåva står i sentrum under studiet og skal gjerast under individuell rettleiing (ALLV350). Studenten byrjar førebuingane til masteroppgåva allereie første semester |

| | |
|---|---|
| | med emnet ALLV301 Litteraturvitskapleg grunnkurs. ALLV301 skal munne ut i eit utarbeidd prosjekt med ein arbeidsplan som skal godkjennast av faggruppa på litteraturvitskap og som dannar grunnlaget for tildeling av rettleiar for masteroppgåva.<br><br>Masteroppgåva kan omfatte både litterære og teoretiske emne. Studenten kan også velje emne frå faghistorie, litteraturpedagogikk eller litteraturformidling, eller han/ho kan ta for seg emne av tverrestetisk karakter. Fleire mindre arbeid som tematisk eller metodisk heng saman eller delar av gruppearbeid som let seg evaluere individuelt kan også godkjennast som masteroppgåve. |
| Læringsutbyte | Ein kandidat med mastergrad i allmenn litteraturvitskap frå Det humanistiske fakultet ved Universitetet i Bergen skal kunne:<br><br>• ha brei, generell kunnskap innanfor fagfeltet allmenn litteraturvitskap<br>• ha spesialisert innsikt innan sitt spesialfelt (masteroppgåva)<br>• ha inngåande kjennskap til vitskapleg teori og metode<br>• stille seg kritisk til eksisterande teoriar, metodar og fortolkingar på fagområdet<br>• bruke aktuelle metodar til sjølvstendig forsking<br>• nytte akademisk kunnskap og relevante forskingsresultat på ein kritisk måte og på nye felt innanfor fagområdet<br>• nytte eigen kunnskap på nye område innanfor fagfeltet<br>• tileigne seg nye kunnskapar og nytte dei på fagområdet<br>• kunne kommunisere med spesialistar og allmenta om faglege problemstillingar innanfor fagfeltet |

**Vedlegg 7: Utklipp fra studieplanen for MAHF-KUN**

# MAHF-KUN – STUDIEPLAN H12

| ***Kategoriar*** | |
|---|---|
| *Programnamn, norsk* | **Masterprogram i kunsthistorie** |
| *Programnamn, engelsk* | Master's programme in Art History |
| *Undervisningsspråk* | Norsk |
| *Programmets omfang* | 120 studiepoeng |
| Mål og innhald | Disiplinbasert mastergrad i kunsthistorie skal gje grunnleggjande føresetnader for å forstå historiske, kulturelle og sosiale sider ved visuell kultur. Studentane får innsikt i sentrale |

| | |
|---|---|
| | kunsthistoriske og teoretiske problem, og i forskingspraksis og forskingsstrategiar. I arbeidet med masteroppgåva skal studenten på sjølvstendig vis nytta vitskaplege arbeidsteknikkar og metodar i faget for å granske eit kunsthistorisk materiale eller eit vitskapleg problem innanfor visuell kultur i vid tyding. |
| Læringsutbyte | Kandidater som har mastergrad i kunsthistorie frå Det humanistiske fakultet, Universitetet i Bergen skal<br><br>-kunne nytte aktuelle kunsthistoriske metoder og teorier til løysing av komplekse problem knytta til kunst, arkitektur og visuell kultur<br><br>-kunne ta stilling til kunsthistoriske og visuelle uttrykk i kontekst<br><br>-ha inngåande kjennskap til kunsthistoriske og kulturelle fenomen<br><br>- ha spisskompetanse innen eit avgrensa kunsthistorisk felt<br><br>( masteroppgåva)<br><br>-kunne formidle ulike kunsthistoriske emner munnleg og skriftleg på ei god måte, både til eit generelt publikum, og til forskarar.<br><br>-kunne arbeide sjølvstendig med kunsthistoriske og kunstteoretiske problemstillinger på eit høgt nivå<br><br>-kunne gjere sjølvtendig, forskingsrelatert arbeid<br><br>-kunne reflektere kritisk rundt komplekse grunnlagsproblemer i faget<br><br>-kunne uttrykkje seg godt, både skriftleg og munnleg<br><br>-ha tilegna seg generell evne til kritisk refleksjon og vurdering av ulike argument<br><br>- ha kunnskap om vitskapeleg teori, metode og forskingsetikk<br><br>- ha gode allmenne humanistiske ferdigheiter |

**Vedlegg 8: Utklipp fra studieplanen for MAHF-TEAT**

## MAHF-TEAT – STUDIEPLAN H12

| ***Kategoriar*** | |
|---|---|
| *Programnamn, norsk* | Master i teatervitskap |

| | |
|---|---|
| *Programnamn, engelsk* | Master's programme in Theatre Studies |
| *Undervisningsspråk* | norsk |
| *Programmets omfang* | Mastergradstudiet skal til saman gi 120 studiepoeng. |
| Mål og innhald | Masterstudiet i teatervitskap skal være forankra i ein humanvitskapleg og estetisk-hermeneutisk fagtradisjon. Gjennom studiet skal studenten få fordjupa forståing for teater som kunstnarisk uttrykk i samfunnet. Studiet skal gi innsikt i og fortrulegheit med nyare teoriar og metodar i teatervitskapen. Studiet skal gi god innsikt i vitskaplege problemstillingar og metodar i forhold til faget sine systematiske område. |
| Læringsutbyte | Masterstudiet i teatervitskap er eit studium som fører fram til universitetsgraden Master i teatervitskap.<br><br>Studiet skal utdanne kompetente teatervitarar som skal kunne gå inn i praktisk dramaturgi, utøve teaterkritikk, kunstformidling og ulike funksjonar innen offentleg kulturadministrasjon.<br>Samstundes skal studiet gi kandidatane grunnlag for livslang læring, spesialisering og forskarutdanning.<br><br>Masterstudiet i teatervitskap skal sikre samfunnet kandidatar som har dei kunnskapane, haldningane og ferdigheitene dei treng for å utøve faget i forhold til den kompetansen det gir. Undervisninga som blir gitt skal i størst mogleg grad vera forskningsbasert, fagleg oppdatert og tilpassa teaterfeltet og kultursektoren sine behov for kunnskap innafor teater og kulturadministrasjon.<br><br>Ved avslutta studium skal kandidaten<br><br>1) ha innsikt i teatret si historie og teatervitskapen sine systematiske område, slik som dramaturgi, skodepelarkunst, regikunst, scenografi og teaterkritikk.<br>2) Vere kjend med, og kunne utøve forestillingsanalyse og ha kunnskap om å tilretteleggje og gjennomføre teaterproduksjon.<br><br>Master i teatervitenskap.<br><br>Ein kandidat med mastergrad i teatervitskap frå Det humanistiske fakultet ved Universitetet i Bergen skal:<br><br>- Kunne nytte forestillingsanalytiske, teaterkritiske og dramaturgiske omgrep og metoder.<br>- Kunne nytte faget og faget si metode til å analysere komplekse problemstillinger, og kunne drøfte, argumentere og sjølvstendig ta standpunkt til problemstillinger innafor teaterforskning, praktisk teater og kultursektoren. |

| | |
|---|---|
| | - Kunne forfatte sine løsningsforslag i ulike teksttyper, i ulike medier og i munnleg framføring.<br>- Kunne forklare yrkesetiske sider ved profesjonsutøvinga.<br>- Kunne tilegne seg ny kunnskap ut over lærestoffet som inngår i studiet, og nytte denne kunnskapen innafor forskning og formidling.<br>- Gjennom masteroppgåva skal kandidaten syne at han/ho kan analysere problemstillinger i samband med utøving av teatervitskapen sine teoretiske og praktiske oppgåver. |

| **UUI-sak 5/12** | **Oppretting av DIKULT252, nytt 200-emne på digital kultur, samarbeid innan Nordplus-nettverket Nordic Digital Culture Network** | |
|---|---|---|
| | | |
| **Vedlegg** | Utkast til emneplan for DIKULT252: Nordic Digital Culture Network Summer Seminar | |

**Saksomtale frå fagkoordinator**
Digital kultur har eit samarbeid med einskilde nordiske universitet innan NordPlus-paraplyen. Det vil bli oppretta eit eige kurs leia av UiB på 200-nivå, som skal vere eit tilbod til inntil 3 studentar på Digital kultur. Desse vil få stipend for deltakinga på kurset. Kurset er tenkt å skulle bli avvikla første gong sumaren 2012, med oppfølgjing hausten 2012.

**Merknader frå undervisningsleiinga**
Sommarseminaret synest å vere eit godt tiltak i internasjonaliseringa av utdanninga og legg grunnlag for eit fast samarbeid mellom dei involverte universiteta, i tillegg til ordinær studentmobilitet.

Emnet DIKULT252, som det her er tale om å opprette, er eit emne som startar med, og byggjer vidare på, dette internasjonale sommarseminaret frå Nordplus-nettverket.

Det er kvart år tre studentar frå digital kultur som kan få opptak til DIKULT252. Undervisninga i DIKULT252 startar med sommarseminaret og fortset utover hausten heime i Bergen. Dei tre studentane tar eksamen på slutten av hausten og DIKULT252 er såleis eit haustemne med bacheloroppgåve i spesialiseringa i digital kultur i Bergen.

Når det gjeld opptakskrava kan det gjerast noko klårare kva reglar som gjeld. Undervisningsleiar vil tilrå at studentar på BAHF-DIKULT blir prioriterte til kurset og at dette kjem fram i emneplanen. Det bør kome tydlegare fram om ein likestiller eller prioriterer mellom BA- og MA-studentar og korleis ein reknar karaktersnittet på

dei 60 studiepoenga som ligg til grunn for opptaket. Ser ein kun på 100-nivåemne, eller kan ein ta med 200-emne? Dersom ein student har meir enn 60 studiepoeng, er det dei beste karakterane som tel, eller ser ein for seg at ein kan selektere ut frå snittet på nokre faste kurs, for eksempel dei obligatoriske 100-faga?

Fakultetet innvender at kurset ikkje kan stå som både master og bachelorkurs. Ein kan ta opp masterstudentar, men nivået er bachelor. Master i bachelor/master bør takast vekk.

Det bør i tillegg stå spesifikt at deltaking på sommerseminaret er ein obligatorisk aktivitet.

Ein annan merknad er at det må kome tydeleg fram kva som er krava til prosjektomtalen som søkjarane skal skrive. Ein bør ha i mente at søkjarane normalt kun har eit 100-nivå og ikkje har trening med å skrive prosjektomtaler.

**Framlegg til vedtak:**
UUI vedtar oppretting av DIKULT252: Nordic Digital Culture Network Summer Seminar with BA Thesis frå hausten 2012. Merknadane frå undervisiningsleiar må takast inn i emneplanen i tråd med diskusjonen i møtet. Emnet kan gå inn som eit 200-emne i spesialiseringa i digital kultur, men kan og inngå som eit valfritt emne på masternivå i digital kultur.

**Vedlegg:**
**Utkast til emneplan for DIKULT252: Nordic Digital Culture Network-emne med BA-oppgåve**

| Kategoriar | |
|---|---|
| Emnekode | DIKULT252 |
| Emnenamn, nynorsk | Nordic Digital Culture Network-emne med BA-oppgåve |
| Emnenamn, engelsk | Nordic Digital Culture Network Course with BA Thesis |
| Studiepoeng | 15 |
| Undervisningssemester | Summer and Fall. |
| Undervisningsspråk | English |
| Studienivå | Bachelor / Master. |

| | |
|---|---|
| | This course is intended for advanced undergraduates in Digital Culture with at least 60 ECTS in Digital Culture and Digital Culture Master's students. Admission is by application. The Nordic Digital Culture Network is a Nordplus network with partner institutions in Norway, Sweden, Denmark, and Finland. |
| Krav til studierett | Application procedure: All undergraduate Digital Culture students with 60+ credits are eligible to apply. Students should submit an abstract of approximately 500 words describing their bachelor´s thesis project, by April 1.<br>Selection will be based on the quality of the abstracts and on prior performance in Digital Culture courses. Only courses already completed the previous semester will be included in the 60 ECTS Digital Culture.<br><br>Three students from UiB Digital Culture will be selected and will receive Nordplus stipends for travel expenses. These students only will be enrolled in the course. |
| Mål og innhald | The theme of the seminar will change each year, but will be a topic within digital culture.<br>Timing of seminar in 2012: Week 34, 20.-24.8.2012, plus 3 sessions at UiB in fall term<br>Topic in 2012: Digital Materialities (in a broad sense; physical artefacts related to digital content platforms; game packaging and such); digital practices affecting physical environments; physical interaction with media; preservation of cultural heritage etc.; the topic is not meant to be strongly restrictive, good papers may be accepted even though not directly related to the topic. |
| Læringsutbyte/resultat | Students successfully completing the course will improve skills in writing, oral presentation, and scholarly discourse, will have experience working within an international academic milieu, will have experience of peer review, editorial work, and preparing work for possible publication, and will gain knowledge of contemporary research in digital culture. |
| Krav til forkunnskapar | 60 ECTS in Digital Culture. |
| Tilrådde forkunnskapar | |
| Undervisning og omfang | The summer seminar is a weeklong course including students and faculty from all of the participating institutions. |

| | |
|---|---|
| | Students will submit and present a paper-in-progress and work with students from other institutions during the week of the joint seminar.<br><br>After the seminar, students will work with UiB faculty during three obligatory meetings in the fall term to prepare their papers for evaluation and publication submission. These meetings will be led by the UiB faculty member and include the three participating students at UiB. The meetings will be workshops focused on revisions of the students' papers. |
| Obligatoriske arbeidskrav | Three obligatory workshops focused on t the revision of the students´ papers. |
| Vurderingsformer<br><br>(dvs. Eksamen) | Assessment will be based on a final paper, approximately 5000 words in length, and a final presentation. The paper will serve as the BA thesis for undergraduates enrolled in the course. One grade will be assigned based on the paper and the oral presentation. The oral presentation can adjust the paper grade by one letter grade. |
| Karakterskala | A- F |
| Læremiddelomtale | 1000 pages, which will include assigned reading for the summer seminar and specific texts selected for each student's individual paper topic. |
| Undervisningsstad | The summer seminar will take place at either of the participating institutions, announced prior to the application deadline. The three seminar sessions in the fall will take place at UiB. |
| Emneevaluering | Evaluering blir gjennomført i tråd med Universitetet i Bergen sitt kvalitetssikringssystem. |
| Kontaktinformasjon | Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium<br>E-post: studierettleiar@lle.uib.no |

| **UUI-sak 6/12** | **Oppretting av DIKULT253, nytt 200-emne på Digital kultur, studentaktiv forskning.** | |
|---|---|---|
| | | |
| **Vedlegg** | Framlegg til emneplan for DIKULT 253 | |

**Saksomtale frå fagkoordinator**
DIKULT253 er eit nytt 200-emne innan elektronisk litteratur som er knytt direkte opp mot det pågåande ELMCIP-prosjektet leia av Scott Rettberg. Kurset rettar seg mot

studentar på bachelornivå som skriv oppgåver innan elektronisk litteratur. Emnet er valfritt for studentar som tar Bachelor i Digital kultur.

**Merknader frå undervisningsleiinga**
Opptakskrava for emnet er noko uklåre og bør strammast inn: Til dømes bør det gå fram om studentar ved bachelorprogrammet i Digital kultur vil bli prioriterte. Kva for 60 studiepoeng skal vere basis for opptaket, korleis vil ein rekne ut karaktersnitt? Kven gjer bakgrunnsskjekk av kandidatane?

